



**SOGN OG FJORDANE
SKOGEIGARLAG BA**



VESTSKOG BA

Forvaltning av hjortebestand 2013 -2017 -prosjektbeskriving



Prosjektmål og avgrensingar.

Prosjektet har avgrensa arbeidet til Vestlandsfylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Totalt 122 kommunar.

- **Prosjektet har som hovudmål å etablere bestandsforvaltning av hjort på Vestlandet.**

Arbeidet skal skje gjennom realisering av følgjande delmål:

- **Å identifisere, definere og kartfeste bestandsområde/naturlige avgrensingar for hjort basert på kunnskap om områdebruken til hjort, og kople den med lokalkunnskap for aktuelle område. Arbeidet skal gjerast uavhengig av dagens administrative inndelingar med hjorten sin arealbruk som styrande.**
- **Å etablere felles forvaltning innan kvart av dei definerte bestandsområda, inklusive organisering, oppstart og drift av desse nye forvaltningsorgana.**
- **Å etablere gode fagleg kvalitetssikra rutinar for analyse og vurdering av bestandsforhald for kvart av områda.**

Prosjektet vil vera eit felles arbeid med gjennomføring i tett samahandling med andre av aktørane i hjorteforvaltninga – grunneigarane, kommunane, fylkeskommunar, DN, Norsk Hjortesenter og hjorteforskninga, NINA, Bioforsk, Universitetet i Oslo eller andre.

Gevinsten for prosjektet vil blant anna vera:

- **Prosjektet vil føre til at hjorten blir forvalta på bestandsnivå, og ikkje på små «delbestandsområde» slik som tilfellet til stor del er i dag.**
- **Prosjektet vil føra til ei meir rasjonell og fagleg basert forvaltning ved at analysearbeid og vurderingar over utvikling framover blir utført for områder som faktisk har ein felles hjortebestand.**
- **Prosjektet vil i stor grad bidra til realisering av nasjonale visjonar, strategiar og mål for hjorteforvaltninga.**
- **Prosjektet vil skape varige endringa med virke også etter prosjektperioden.**
- **Prosjektet vil bidra til å sikre betre rammevilkår for evt næringsmessig utnytting av hjorteresursen**

Prosjektet vil være basert på lokal, regional og nasjonal finansiering. Kommunane blir sentrale i deltakinga. Det blir lagt ut tilbod om deltaking. Kvar kommune søker aktiv deltaking i prosjektet. For regionalt og nasjonal nivå blir det for prosjekt å søkje støtte til arbeidet gjennom finansielle bidrag.

Prosjektet har ei årleg kostnadsramme på 3,9 millionar kroner. Ramma er basert på at kommunane bidreg med kr. 25.000,- kvar totalt 2.440.000,- hensynsteke mva. Fylkeskommunane og DN bidreg med resterande kr. 1.060.000,- pr år, fordelt på 200.000,- frå kvart fylke samt 660.000,- frå DN.

Prosjektperiode er avgrensa til 5 år, frå 1.1 2013 til og med 31.12.2017

Bakgrunn

Det har skjedd svært mykje kunnskapsutvikling når det gjeld hjort dei siste to tiåra. Prosessane og initiativa har dels vore dreve fram og etterspurt av hjorteforvaltninga, fordi ein har hatt behov for å gjera forvaltninga meir kunnskapsbasert. Nasjonalt har det vore arbeidd fram visjonar, strategiar og mål som har vore styrande for prioritering og målretting av tiltak for å realisera måla som er sette. Arbeidet har vore forankra lokalt og vi opplever stor aksept for både prosess, strategiane og måla.

Forvaltninga skal vera kunnskapsbasert. Innsamling og bruk av Sett Hjort- registreringar, vårtellingar, fellingstal, kondisjons- og aldersanalysar av felte dyr har bidrege mykje til auka kunnskap. Grunneigarane si organisering i større vald og med utarbeiding av bestandsplanar som grunnlag for årleg uttak har også vore eit viktig fokus dei siste 15 åra.

Det har vore eit stort løftet kunnskapsmessig med dei mange ulike merkje og trekkutforsøka som er gjennomført (sjå bla Meisingset et al 2011, Mysterud et al 2011, Meisingset et al 2012). Desse prosjekta har skapt eit stort engasjement og interesse. Både for innfanging og merkjing, men særleg å kunne følgje hjorten gjennom året på kartet vist på ulike nettsider.

I prosessane som har vore med omlegging til meir bestandsretta forvaltning sidan før årtusenskiftet, har ein peike på behovet for kunnskap som grunnlag for å gjere ei god forvaltning, og hatt stort fokus på å framskaffe denne. Nå finns det kunnskap og innsamla data til å få kunnskap ut av. Framover er det trong om meir bearbeiding og analyse av kunnskap for å kunne gjere denne anvendt i forvaltninga. Analyser så langt viser at hjorten brukar store areal – større areal enn hjorten i dag vert forvalta etter i dagens vald (Mysterud et al 2011). Resultata viser også at hjorten brukar areal som går på tvers av den administrative inndelinga vi i dag har som styrande for hjorteforvaltninga. Det være seg på valdnivå, kommunenivå eller regionnivå.

Kunnskapen viser at vi i dag ikkje driv bestandsforvaltning av hjort i særleg stor grad. I beste fall kan vi seie at vi driv delbestandsforvaltning i større einingar enn før, med større fagleg innretning og forståing og med meir fleksible haustingsordningar enn vi før har hatt. Men vi etterlever i liten grad hjorteviltstrategien og hjorteviltforskriftene sine mål om å organisera samarbeid som sikrar bestandsvs forvaltning av hjort.

Bestandsutviklinga hos hjorten vil også kreve meir oppmerksomhet av forvaltninga framover enn til nå. For første gong i nyare tid, kan ein sjå teikn på at hjortebestandane våre kanskje ikkje er i vekst lenger (www.ssb.no). Forvaltning av bestanadar i vekst stiller ikkje store krav til innhaldet. Desse krava aukar mykje dersom ein skal halde tilstanden i ein bestand eller kanskje også redusere bestanden til eit lågare nivå (Aarhus & Meisingset 2007). Ei tilpassing av forvaltninga til å møte desse nye utfordringane er viktig.


Vi har kunnskapen, vi har eit tilpassa forskriftsverk, vi har ønskje om å utføra ei god, rasjonell, faglig og effektiv hjorteforvaltning til beste for måloppnåing. Det er berre å gjera det!

Grunneigarorganisasjonane har bygd opp kompetanse på utmarksarbeid generelt, og på Vestlandet, hjorteforvaltning spesielt. Særleg på organisering av grunneigarar og overgangen til grunneigarstyrt forvaltning av både vilt og fiskeressursar. Det vart i perioden 1996-2006 kjørt store prosjekt i regi av Norges Skogeierforbund og Norges Bondelag som har lagt til rette for overgangen til grunneigarstyrt forvaltning av desse ressursane

I dag ser ein behovet for å gjera nye slike prosjektsatsingar for å løfte forvaltningsarbeidet i retning dei nasjonale overordna visjonar, strategiar og mål som er sette. (Strategi for forvaltning av hjortevilt DN) Eit slikt prosjekt vil bli eit stort løft. Ikkje sidan etablering av villreinområda har det vore slikt arbeid i viltforvaltninga etter vår kunnskap. Prosjektet er i så måte banebrytande i vår tid.

Grunneigarorganisasjonane vestpå åleine har i dag ikkje menneskap til å realisere alt. «Hjortemiljøet» i Norge er ganske oversiktelig og ein basert på god lagånd. Aktørane kjenner kvarandre om har godt samarbeid. Saman vil vi derfor vera i stand til å stille til veie den arbeidsmengda prosjektet vil kreve. Godt fagleg samarbeid på tvers av organisasjonar sikrar også kvaliteten og målretting av prosjektarbeidet.

Det er i mange samanhengar peika på potensialet som ligg i hjorten som ressurs. Prosjektet sine mål om styrkja ressursforvaltning, vil sikra betre rammevilkår og meir forutsigbarhet for næringsmessig utnytting, ved at utviklinga av hjortebestandane blir meir forutsigbar med eit meir styrt forvaltning på bestandsnivå.




Prosjektorganisering og leiing

Prosjektet vil bli organisert med prosjekteigar Sogn og Fjordane Skogeigarlag, som har den daglege leiinga av den felles utmarksavdelinga mellom Vestskog og Sogn og Fjordane Skogeigarlag i dag. Styret i Sogn og Fjordane Skogeigarlag er øverste ansvarleg.

Den daglege leiinga blir gjort av prosjektleiar tilsett ved Utmarksavdelinga.

Det blir oppretta rådgivande grupper regionsvis for prosjektet som også fungerer som samhandlingsgruppe for aktørane i hjorteforvaltninga. Denne blir beståande av prosjektleiar, fylkeskommunen, 1-3 representantar frå kommunane i regionen, samt representantar frå aktørane på fagområde. Det siste kan variere frå region til region. Dei rådgjevande gruppene skal ha minst to møter pr år.

Vi legg til grunn at dei rådgivande gruppene blir etablerte i samråd mellom fylkeskommune, kommunar og grunneigarside. Prosjektet ønskjer ikkje å leggje føringar for korleis gruppene sin funksjon skal vera. Det vil variere mellom område og måtte tilpassast kvar region sitt behov. Det vil også kunne vera slik at regionane ikkje vil følge fylkesgrenser. Nokre område vil derfor kunne bli høyrande til andre regionar enn dei fylkesvist er organisert i i dag. Vilåret her blir kunnskap om at hjorten sin områdebruk går på tvers av fylkesgrenser.



Prosjektleiar prioriterer og gjennomfører tiltak i prosjektet i samråd med regionale rådgivingsgrupper. Utfordringar og behov varierer kanskje noko mellom regionar. Det vil prosjektarbeidet også måtte avspegle og variere med innhaldsmessig.

Vi har laga slik framdriftsplan for prosjektet:

1. Prosess for å definere bestandsområde for hjort
2. Etablere nye forvaltningseiningar
3. Etablere faglig struktur, arbeidsmåtar og innhald

Prosess for å definere bestandsområde for hjort

Det vil vera vanskelig å beskriva prosessane her før ein går inn i kunnskap og lokale tilhøve, men om ein legg til grunn gjennomsnittlig arealbruk for ein hjortebestand vil inndeling av hjortelandskapet vestpå gi godt 100 framtidretta nye forvaltningseiningar der avgrensingane er gjort med hjortekunnskap i fokus, uavhenging av tidlegare inndelingar. Arbeidet blir lagt til rådgivingsgruppene å prioritere, og vil variere innhaldsmessig etter kunnskaps og organiseringsnivå pr dato. Har ein gode data og problemstillingane har vore diskutert lenge, ser vi føre oss at prosessen går raskt. Det vil truleg vera trong om mykje meir informasjonsarbeid i denne definerande delen av prosjektet for andre, mindre modne, område.

Ein stor del av prosjektarbeidet vil i første del vera informasjonsretta tiltak for å forklare korleis dette er tenkt endra, og kvifor det er trong om endring. Kartlige data og arbeid med dette for å fastsetje framtidige forvaltningsområde uavhenging av administrative einingar vil bli basert på objektive data, men også ein stor del av subjektivt skjønn.

Rådgivingsgruppearbeidet vil vera avgjerande for korleis forslag til nye forvaltningseiningar blir motteke. Det er viktig at prosessane her er gjort grundig og med stor tilslutning frå involverte partar før dette blir gjort gjeldane.

Kommunane, vil vera viktige i denne delen av prosjektet. Men prosjektet blir lagt opp slik at prosessar også kan gå utan å vera avhengig av kommunal medverknad. Nokre kommunar har lita evne til å prioritere fagområde og vi legg opp prosjektet slik at ein ikkje er låst av manglande kommunal prioritering.

Når bestandsområda er definerte, vil kommunen leggje til rette for utarbeiding av bestandsplan for området. Merk at det kun blir ein bestandsplan pr område.

Sjølv om det skulle vera liten tilslutning for deltaking, vil likevel alle data og alle bestandstilhøva for heile området bli lagt til grunn for bestandsplanlegginga. Kommunane får såleis, uavhengig av tilslutning, eit ferdig uarbeidd grunnlag til bruk som tildeling til valda som vel å stå utanfor bestandsplanlegginga.

Slik vil ei ved definering av områda oppnå fullstendig bestandsplanlegging. Uavhengig av oppslutning internt i områda. Men vi legg til grunn at etternølarar blir tekne inn i bestandsplanarbeidet til ei kvar tid, og at medlemsandelen vil auka etterkvart som tida går. Stadig å måtte ta inn nye, vil medføre noko administrativt ekstraarbeid, men grunnlaget for forvaltninga er lagt ved etableringa så det blir likevel ikkje som å starta alt på ny ved opptak av kvar ny medlem.

Etablere nye forvaltningseiningar

Når det nye hjortelandskapet er definert, presentert og akseptert, skal forvaltningseiningane etablerast etter forskriftskrava. Det skal etablerast samarbeid mellom valda i området. Det skal utarbeidast status for hjorten i område, setjast mål og utredast tiltak.

Etableringsfasen med igongsetjing og drift vil vera viktig suksesskriterie for vidare drift, etter at prosjektperioden er ferdig. Det er her det framtidige grunnlaget for samarbeid blir lagt. Prosjektet vil vera aktive i første delen, med sikte på gradvis uttrekking etter som organiseringane er sette.

Det er viktig å merkje seg at forskriftene ikkje krev at alle grunneigarar i dei nye forvaltningseiningane treng å vera med. Det skal framleis vera mogleg å få retta tildeling frå kommunen som før, og å ikkje delta aktivt i forvaltningsarbeid. Bestandsplanlegginga blir derfor for dei som vil slikt arbeid. Men analysar og vurderingar bestandsmessig vil naturlegvis innehalde data også frå vald som ikkje deltek aktivt så lenge ein har definert bestanden også å inkludere desse areala. Andelen aktive i bestandsforvaltninga er forventa å variere mykje, men vi reknar som sikkert at det blir definert ein bestandsplan for kvart av dei nye områda. Vi reknar også at oppslutninga av deltaking i kvart område vil auke i løpet av prosjektperioden men også etter at prosjektet er avslutta.

Denne delen av prosjektet vil medføre å etablere samarbeid mellom valda som tilsluttar seg. Vedtekter som regulerar samarbeidet må til og skriftlege tilslutningar jfr forskriftskrava. Truleg også mykje informasjonsarbeid i kvart av områda for å etablere trygghet for dei nye strukturane som blir lagde. For område som er godt organiserte i dag vil dette truleg ikkje vera krevjande, men for uorganiserte område med mange små vald og lite etablerte forvaltningspraksis vil arbeidet truleg verta meir krevjande.

Her vil ein også kunne bruke rådgivingsgruppene for å definere kor mykje tid ein skal bruke på arbeid i kvart område for å få med flest mogleg på innhaldet.. Det viktige er at ein får etablerte område og at nokre tek ballen i startfasen. Påbygging kan skje etterkvart dersom det sit langt inne med stor etablering straks.

Etablere faglig struktur, arbeidsmåtar og innhald

Det er viktig å sikre at bestandsplanområda etablerar fagleg robuste rutinar for bestandsforvaltninga. I dag er det svært stor variasjon i arbeidet som blir lagt til grunn for søknad om godkjenning, og stor variasjon i kommunane si godkjenning av søknadar. Stort sett er kommunane så opptekne av å leggje forhalda til rette, at kravet til innhald og kvalitet ofte manglar. Alt blir godkjent.

Prosjektet vil ta dette inn som del av prosjektarbeidet få ølge opp dei etablerte einingane og yte bistand til å etablere gode rutiner med bruk av alle relevante kunnskapsdata, og leggje til rette for at styra for bestandsplanområda kan bruke innsamla data til å halde oversikt over bestandsendringar og kan følgje opp måloppnåinga bestandsmessig. Herunder kjem også arbeid med å sjå på økonomiske rammer for innhaldet slik at den delen er forutsigbar og definert.

Meir om prosjektinnhald

Vi ser informasjonsarbeid som svært sentralt punkt i gjennomføringa og legg opp til aktiv bruk av internett, samt lokalemedia – aviser, radio, tv etc. Informasjonsflyt internt i regionane er viktig, men ikkje minst også mellom og på tvers av regionar for å lære av kvarandre.

Møtevirksomhet, informasjon og dialog er viktig for måloppnåing. Mykje av prosjektinnhaldet er knytt til slikt informasjonsarbeid. Men som nevnt vil også nettsider

og andre former for informasjonskanalar bli brukt. Informasjonsarbeid er viktig i både etablerings og gjennomføringsfasen, samt for etterbruken. Prosjektet vil etablere egne nettsider og ser også at det kan vera behov for informasjonsfoldar eller liknande for å nå flest mogleg med informasjon om pågåande endringsarbeid forvaltningsmessig

Vi ser føre oss for mange område å ha behov for hjortesamarbeid over kommunegrensar og over så store område at det å nå fram til kvar enkelt grunneigar vil krevja mykje av informasjonsarbeid. Det er viktig for prosjektet at alle involverte blir godt informert. Det er ei side av prosjektet vi meiner det er viktig å prioritere rett.

Prosjektet vil skape svært mange møteplasser for hjortediskusjon. I tillegg til gjennomføringa av prosjektet skal dei nye einingane drivast med sine behov for informasjon for sine område.

Gjennomføring av prosjektarbeid og tiltaka skjer med bruk av egne ressursar, samt innlegde ressursar frå dei andre aktørane på fagområde. Vi forutset i prosjektet at kommunane bidreg for sin eigen del med eigen fagkunnskap og set dette opp som eigenandelar. Det kan også vera aktuelt å bruke særleg eigna kompetanse mellom kommunar, løyst gjennom tjenestekjøp.

Vi vil i prosjektet også førsøke å initiere forskning for å kvalitetssikre inndelingane i nye forvaltningsområde gjennom analysearbeid. Dette arbeidet vil krevje tilleggsfinansiering og vil bli å sjå på som frittstående prosjekt. Men vi ser allerede nå at slik kvalitetssikring vil vera viktig for framtidig drift av slike område. Når det er sagt legg vi også til grunn at inndelingane ikkje vil vera statiske. Ny kunnskap vil alltid komme til, og ei innretning i forvaltningseinigane til å drive adaptiv forvaltning er eit suksesskriterie slik vi ser det. Det er derfor å forvente at inndelingane vil vera rom for justeringar i framtida.

Det er lagt opp til ei samla prosjektperiode på 5 år. Det er stor variasjon innan samla nedslagsfelt for prosjektet i modning for å gjera endring. Nokre område er klare for å starte raskt, andre område er i prosess i dag i pågåande prosjekt, medan andre område har ein lengre veg til realisering. Dette blir fanga opp i prosjektorganiseringa med at ein deler inn i 4 delområde, og at kvar av desse områda sjølv definerer oppstartstidspunkt og avslutningspunkt. På slik måte legg ikkje prosjektet føringar for eit 5 årig løp for alle å delta i. Dersom ein har gjennomført og oppnådd måla etter 3 eller 4 år så er prosjektet lagt opp til at det kan avsluttast før perioden er omme. 5 årig prosjektperiode er å sjå på som ei avgrensing av tidsrom arbeidet skal skje innan meir enn ei forplikting til å delta for alle 5 åra. Til liks med avslutninga kan også oppstarten endrast. Ein region som td Hordaland vil det vera naturleg går inn frå 1.1.2014 fordi ein har pågåande Hordahjortprosjekt som i si prosjektavgrensing inneheld delar av prosjektinnhaldet som i dette prosjektet er definert. Hordahjortprosjektet skal definere hjortebestandsområde som del av prosjektet. Samhandling i prosjektutviklinga her har sikra at prosjekta byggjer på kvarandre snarare enn å gjera arbeid dobbelt opp.

Prosjektet lagar infrastruktur. Prosjektet skaper varige løysingar. Prosjektinnhaldet har eit liv inn i framtida, og går vidare etter prosjektperioden er avslutta.

Prosjektet opprettar forvaltningseiningar som må drivast profesjonelt. Det er naturleg å sjå føre seg av einingane lønnar sekretær og legg vekt på at det administrative og faglege

arbeidet i forvaltninga held høg kvalitet. Einingane vil også ha finansielle musklar til dette ettersom ein forvaltar store areal. Gjennomsnittleg gjerne 3-400 felte hjort. Aktiv bruk av fellingsavgiftene av dette vil for eksempel kunne gi rom for både avlønning av nøkkelpersonell og innleige av tjenester for å tryggje fagleg innhald samt å vera aktive i informasjonsarbeidet ut til dei mange jegrane og grunneigarane forvaltningseininga vil ha å forhalda seg til.

Finansiering og årsbudsjett

Hovuddelen av kostnadane for prosjektet er å finansiera fra kommunane. Kommunale viltfond kan brukast naturlegvis. Men det er føresett at også Fylkeskommunar og DN bidreg til finansieringa av prosjektet.

I sum vil kommunane stå for om lag 2/3 av finansieringa og Fylkeskommunar og DN 1/3. Det er sett opp slikt årsbudsjett med grov fordeling av inntekter og kostnadar:

Årsbudsjett

Tekst	Kroner eks mva
Inntekt	
Kommunar Rogaland	500
Kommunar Hordaland	660
Kommunar SFJ	520
Kommunar MR	760
FK	800
DN	660
Sum	3900
Kostnad	
Personalkost	2600
Reisekostn	500
Nettsider og informasjon	190
Rådgivingsmøter og diverse	510
Sum	3900

- Budsjetterte personalkostnadar er basert på ein timepris med kr. 690,- pr time eks mva.
- Det er budsjettert med gjennomsnittlig 1400 timeverk pr region pr år. Tilsvarande ei 80% stilling i kvar av dei 4 regionane.
- Reisekostnadar speglar at aktiviteten i prosjektet er utadretta og har høg aktivitet på informasjonsmøter
- Rådgivingsmøter er eigen post for å beskrive at ein i prosjektet vil vektlegge samhandlingsdelen, herunder også omfattande møteplassbehov på tvers av dagens administrative inndelingar.
- Budsjettet er basert på 100% oppslutning, og beskriv eit maksimalt omfang av prosjektet. Det vil bli laga reviderte budsjett til bruk for prosjektgjennomføring når ein ser kva omfang dette kan gi.

Litteratur

1. Meisingset, E. L., & Brekkum, Ø., Loe, L.E., Aarhus, A., Støbet Lande, U., Rivrud, I.M. & Mysterud, A. 2012. Hjortemerkeprosjektet i Sunnfjord og Sogn – Sluttrapport. Bioforsk Rapport, Vol. 7, Nr 98. ISBN: 978-82-17-00958-0.
2. Mysterud, A., Loe, L.E., Meisingset, E.L. et al. 2011. Hjorten i det norske kulturlandskapet: arealbruk, bærekraft og næring. Utmarksnæring i Norge, 1-11:1-88. ISBN 978-82-90934-80-9.
3. Meisingset, E.L., Brekkum, Ø. & Støbet Lande, U. 2011. Merke- og utviklingsprosjekt hjort Nordmøre og Sør-Trøndelag 2006-2010 – Sluttrapport. Bioforsk Rapport, Vol. 6, Nr 68. ISBN: 978-82-17-00793-7.
4. Aarhus, A. & Meisingset, E.L. 2007. Høstingsmodell for hjort – et verktøy for bedre forvaltning. Hjorteviltet. Årgang 17
5. DN rapport 8-2009 – Strategi for forvaltning av hjortevilt



V E S T S K O G B A



**SOGN OG FJORDANE
SKOGEIGARLAG BA**